

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.11.2015

RS 36/15 Rapport ferjekaier Hordaland – utkast 1:

Rådet sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen.

Røysting

Forslaget vart oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Rådet fekk seg førelagt rapport/utkast/kartlegging av universell utforming på ferjekaier i Hordaland.

Kartlegginga viser at ferjekaiane er tilrettelagt for bilistar, men ikkje for gåande, syklande, rørslehemma og andre med nedsett funksjonsevne. For desse gruppene er det vanskeleg å orientere seg og bevege seg grunna manglande oppmerking eller manglande fortau. Busshaldestoppa ved ferjekaiane har svært variert standard. Rådet etterlyser ein tidsplan med prioritering for oppgradering av alle ferjekaiane i fylket til universell utforming.